







HYLLESTAD KOMMUNE		MØTEBOK			
KONTROLLUTVALET I HYLLESTAD KOMMUNE					
Møtestad:	Kommunestyresalen	Møtedato:	08.05.2012	Frå kl.:	09:00
				Til kl.:	11:15
<b>Faste medlemmer i Kontrollutvalet:</b>		<b>Møtte:</b>	<b>Forfall:</b>	<b>Merknader:</b>	
1. Håkon S Gili (Leiar)		X			
2. Sylvia Helms		X			
3. Stein Arne Solheim		X			
4. Øyvind Høy		X			
5. Reidun Skår		X			
<b>Personlege varamedlemmer:</b>		<b>Møtte:</b>			
1. Monica Ekreskar					
2. Frank Høgmo					
<b>Ordføreren har møte og talerett i utvalet:</b>					
Ordfører Jan Olav Gjerde får tilsendt innkalling til og møtereferat for møta.					
<b>Andre som møtte:</b>					
SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit Adm sjef Jens Christian Lundeland. KRYSS revisjon v/Aud Marit Eide sak 19 - 21/12.					
<b>Saker som vart handsama / drøfta i møtet:</b>					
<b>SAKLISTA I MØTET:</b>					
019/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.					
020/12 Skriv og meldingar.					
021/12 Arsrekneskapen 2011 - Hyllestad kommune.					
022/12 Oppfølgingsliste 2-2012 - Hyllestad.					
023/12 Eventuelt.					
<b>Merknader:</b>					
Det var ingen merknader til innkalling eller saksliste					
<b>UNDERSKRIFTER:</b>		6957 Hyllestad 08.05.2012.			
					
Håkon Gili, leiar	Sylvia Helms	Stein Arne Solheim			
					
Øyvind Høy	Asgeir Tveit, sekretær	Reidun Skaar			

## 019/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 30.04.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	08.05.2012	019/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

## 020/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 30.04.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	08.03.2012	020/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

SM 09-12: Vedtak kommunestyresak 017/12 Kontrollutvalssak 15/12 – skulebudsjettet 2012.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Ad SM 09-12: Under pkt 7d. skal orda ”manglande kompetanse” i andre line slettast.

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## 021/12 ÅRSREKNESKAPEN 2011 - HYLLESTAD KOMMUNE

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 30.04.2012.

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saksnr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet	08.05.2012	021/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

### **Saksvedlegg.**

- Forslag til uttale frå kontrollutvalet i Hyllestad kommune.
- Årsmelding 2011 datert 28.03.2012.
- Rekneskap 2011.
- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 11.04.2012.

### **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Hyllestad kommune, datert 08.05.2012.

### **KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL KOMMUNESTYRET:**

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Hyllestad kommune, datert 08.05.2012.

Saksutgreiing

## ÅRSREKNESKAPEN 2011 - HYLLESTAD KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2011 for Hyllestad kommune.

### Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

#### § 6. Regnskapsrevisjon

*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.*

#### § 7. Uttalelse om årsregnskapet

*Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.*

#### § 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

*Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.*

*Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.*

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ein uttale til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til uttale ligg ved. Til grunn for uttalen ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er inkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

### Sekretariatet sine vurderingar:

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

---

Til  
Kommunestyret i Hyllestad

Hyllestad 08.05.2012

## UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2011 FOR HYLLESTAD KOMMUNE

Årsrekneskapen 2011 for Hyllestad kommune er handsama i kontrollutvalet i Hyllestad 08.05.2012.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen for 2011 for Hyllestad kommune.
- Årsmeldinga frå rådmannen datert 28.03.2012.
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 11.04.2012.

Årsrekneskapen er levert av rådmannen. Netto driftsresultat i årsrekneskapen er eit meirforbruk på kr. 0,4 mill. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar er rekneskapen gjort opp i balanse.

KS si tilråding er at netto driftsresultat bør liggje på 3% av driftsinntektene for å sikre positiv økonomisk utvikling. Netto driftsresultat for Hyllestad kommune er under dette tilrådde målet.

Det er ligg til kommunestyret å finne dekning for meirforbruket.

Driftsbudsjett på inntektssida var kr. 122 mill. Rekneskapen viser inntekter på kr. 126,7 mill.

Driftsbudsjettet på kostnadssida var kr. 120,7 mill. Rekneskapen viser kr. 128,6 mill. Det er ikkje budsjettert med avskrivningar. Dette gjev utslag på avviket mellom resultat og budsjett. Dette har også vore påpeika i tidlegare års fråsegn om årsrekneskapen frå kontrollutvalet.

Brutto driftsresultatet er kr. 3,2 mill. dårlegare enn budsjettert.

Hyllestad kommune har ikkje vesentlege avvik på eksterne finanstransaksjonar. Resultatet på eksterne finanstransaksjonar er kr. 0,16 mill. betre enn budsjettert.

Kontrollutvalet merkar seg at det hovudsakleg har vore god budsjettdisiplin på ansvarsområda. Det er mindre overforbruk på alle tenestekområda. Administrasjon og sentraladministrasjon har mindreforbruk. Kontrollutvalet vil peike på at det har vore brukt vikarbyrå for å dekke frávær. Dette er ein kostnads-

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

krevjande måte å dekke frávær på. Det vert elles vist til årsmeldinga pkt 4. "Resultat – nøkkeltal og hovudtrekk i rekneskapen" der administrasjonssjefen gjer greie for resultatata. Kontrollutvalet merkar seg at kommunen driv eit aktivt rekrutteringsarbeid for å skaffe arbeidskraft, og ser det som viktig at dette arbeidet held fram. Kontrollutvalet ser det også som viktig at kommunen følgjer opp og tek vare på det personalet ein har, og ein har merka seg at fleire einingar har gjennomført medarbeidarsamtalar med personalet. Det er lovpålagt at alle tilsette har rett på medarbeidarsamtale ein gong i året.

Investeringsrekneskapen 2011 er avslutta i balanse. Det vert vist til administrasjonssjefen sine kommentarar om investeringsrekneskapen i årsmeldinga siste avsnitt pkt. 4.


Finansieringa av dei fleste investeringsprosjekta er hovudsakleg gjorde ved opptak av lån, og i 2011 har gjeldsgrada auka frå 80,1% til 88,9%. Kontrollutvalet peikar på at auken i lånegjeld vil verte tyngjande for den framtidige drifta. Spesielt dersom rentesatsen går opp. Det vert vist til balansen for detaljar.

Arbeidskapitalen er god og likviditetssituasjonen synest å vere tilfredsstillande. Arbeidskapitalen er likevel redusert i høve til årsrekneskapen 2010.

Kontrollutvalet viser utover dette til årsmeldinga frå administrasjonen. Denne synest å omtale rekneskapen på ein god måte.

Kontrollutvalet viser også til revisjonsmeldinga. Revisor har ikkje merknader til årsrekneskapen.

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for Hyllestad kommune kan godkjennast slik han ligg føre.



Håkon S Gil  
-leiar-




Sylvia Helms



Stein Arne Solheim



Øyvind Høie



Reidun Skår

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571



## 022/12 OPPFØLGINGSLISTE 2-2012

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 30.04.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Kommunestyre	08.05.2012	022/12 - -	- - -	Ja

### Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2012 Hyllestad.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 2-2012 Hyllestad vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Oppfølgingsliste 2-2012 Hyllestad vert teken til vitande.

Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 2 – 2012**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 30. april 2012.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## Oppfølgingsliste 2-2012 - Hyllestad.

### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Hyllestad kommune

Saker som er avslutta vil ikkje komme med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	17.11.09		17.11.09: Vedtak KU: - Orientering frå adm om einingane. - Tertialrapportar som SM. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen som SM. - Kvalitetsrapportar revisor. - Orientering frå revisor om revisjon generelt og om status i revisjonsarbeidet 1 – 2 g. i året.
02/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt "Vurdering av delegasjonsreglement – rutinar og tilbakerapportering.	08.03.11	Frist 28.02.2012	08.03.11 Tinging "Vurdering av delegasjonsreglement – rutinar og tilbakerapportering." Godkjent. 08.03.11 Sendt til KRYSS for operasjonisering.
021/11 Overordna analyse	09.12.11		09.12.11 Vedtak KU: kontrollutvalet tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon.
01/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	17.02.12		17.02.12: Det var ingen mrk
02/12 Skriv og meldingar	17.02.12		17.02.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
03/12 Orientering – dispensasjon frå utdanningskrav ved Åfjorddalen barnehage.	17.02.12		17.02.12: Vedtak KU – Saka utsett til 08.03.12
04/12 Oreiering – Taksering ved fastsetjing av eigedomsskatt	17.02.12		17.02.12: Vedtak KU: Saka utsett til 08.03.12
05/12 Orientering – Skulebudsjett 2012	17.02.12		17.02.12: Vedtak KU – Saka utsett til 08.03.12
06/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Hyllestad	17.02.12		17.02.12: Tilråding til kst. 23.02.12: s. kst <b>Ikkje handsama i kst enno</b>
07/12 Møteplan for kontrollutvalet i Hyllestad	17.02.12		17.02.12: Vedtak KU – Korrigert møteplan godkjent.
08/12 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.	17.02.12		17.02.12: Vedtak KU _ Teke til vitande. S kst til orientering. 23.02.12 s. kst. <b>Ikkje lagt fram i kst som orienteringssak.</b>
09/12 Medlemskap i FKT	17.02.12		17.02.12: Vedtak KU – Melder seg inn i FKT. (Hyllestad har vore medlem i fleire år)
10/12 Oppfølgingsliste 1-2012 Hyllestad	17.02.12		17.02.12: Vedtak KU – Teken til vitande.
11/12 Eventuelt	17.02.12		17.02.12: - Ikkje teke opp saker.
12/12 Godkjenning innkalling og sakliste	08.03.12		08.03.12 – Ikkje mrk.
13/12 Møtereferat 17.02.12 - Godkjenning			08.03.12 Vedtak KU – Godkjent.
14/12 Skriv og meldingar	08.03.12		08.03.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
15/12 Orientering – Skulebudsjett 2012	08.03.12		08.03.12: Vedtak KU: - Kontrollutvalet tek orienteringa frå administrasjonssjefen/rektoren til vitande.  - Kontrollutvalet tilrår at Hyllestad kommunestyre tek saksutgreiinga frå kontrollutvalet og orienteringa frå administrasjonssjef/rektoren til vitande. Kontrollutvalet tilrår vidare at kommunestyret kjem attende til saka i samband med fyrste, føreståande budsjettregulering i 2012 og vedtak

			om rammetimetalet for skuleåret 2012 – 2013. 09.03.12 s kst. 26.04.12 Vedtak kst sak 17/12.
16/12 Orientering – dispensasjon frå utdanningskrav ved Åfjorddalen barnehage.	08.03.12		08.03.12 Vedtak KU: - Kontrollutvalet tek avviksmeldinga og oreintering frå administrasjonssjefen til vitande. Ein har merka seg munnleg orientering frå ordførar i kontrollutvalsmøte 17.02.12 vedkomande synspunkt på innføring av eit system for oppfylging av avviksmeldingar.  - Kontrollutvalet tilrår: Hyllestad kommunestyre tek saksutgreiinga frå kontrollutvalet til vitande og ber om at det vert sett i verk eit arbeid for å sikre at avviksmeldingar vert fylgde opp i vedkomande ledd i det kommunale forvaltningssystemet inntil ein kan kvittere ut avviket som retta opp. 09.03.12 s. kst. 26.04.12 Vedtak kst sak 18/12.
17/12 Orientering – Taksering ved fastsetjing av eigedomsskatt	08.03.12		08.03.12: Vedtak KU – KU tek orientering frå adm til vitande og ser saka som fullnøyande opplyst.
18/12 Eventuelt	08.03.12		08.03.12 Det vart ikkje teke opp saker.
19/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.	08.05.12		
20/12 Skriv og meldingar.	08.05.12		
21/12 Årsrekneskapen 2011 – Hyllestad kommune.	08.05.12		
22/12 Oppfølgingsliste 2-2012 Hyllestad.	08.05.12		
23/12 Eventuelt.	08.05.12		

Oppdatert 30.04.12.

## 023/11 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat  
Dato: 30.04.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	08.05.2012	023.12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.